

MØTEBOK

FELLESRÅDSSAKER

Førehaving av:
Austrheim sokneråd

Møtestad:
Kyrkjelydshuset

Møtedato:
03.05.2023

Tilstades på møtet:

Medlemmer: Gerd Solheim, Anne Dahle Austrheim, Helge Dyrkolbotn, Edvard Bjerkestrand, Rune Minde.

Varamedlemer: Linda Skålevik Syslak, Anne Karen Wilkensen.

Andre:

Kommunal representant : Hege Ramsland.

Kyrkjeverja: Leif Arne Økland

Desse hadde meldt forfall: Bjørn Helge Olsen, Inger Synnevåg, Toril Hordvik, Anita Bakke

Møtte ikkje: Arne Lerøy, Kine Lerøy

Saker til førehaving:

F – 11/23 – F – 15/23

Til møtet var medlemer skriftleg innkalla.

Underskrift:

Møteboka er ført i samsvar med det som var bestemt i møtet:

F – 11/23 GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKSLISTE

Vedtak:

Innkallinga og sakslista vart godkjent.

F – 12/23 FRAMLEGG TIL UNDERSKRIFT AV DAGENS MØTEBOK

Vedtak:

Linda Skålevik Syslak og Gerd Solheim.

F – 13/23 GODKJENNING AV MØTEBOKA FRÅ 09.03.2023

Framlegg til vedtak:

Møteboka frå 09.03.2023 vart godkjent

Vedtak:

Møteboka frå 09.03.2023 vart godkjent.

F – 14/23 ORIENTERING

- Orientering frå Idar Hopland vedk mogeleg flytting av krigsgrav i Leirvågen og informasjon om krigsmannesmerke som endå ikkje er avduka.

Kom fram i møtet: Grunna ulike uheldige omstende er ikkje minnestøtta til Henrik O Mongstad avduka endå. Dette skuldast motstand hos dei pårørande grunna manglante kommunikasjon internt i familien, i tillegg til at prosessen med oppsetjing av minnesmerket gjekk for fort.

Idar Hopland og dei som arbeider med ei løysing på denne saka har følgjande forslag til løysing: Støtta til Henrik Mongstad vert ståande der den står (med fronten vendt mot sør). Støtta til Johannes Mongstad vert flytta hit, slik at den står tvers overfor Henrik Mongstad (med fronten vendt mot nord). Dermed vil desse to minnestøttene i tillegg til den som står der frå før (med fronten vendt mot vest), danna ein U-form. Dette legg til rette for ein heilskapleg krigsminnestad. I tillegg ønskjer Idar Hopland og medspelarar å setja opp ei informasjonstavle med tekst og bilete av andre frå Leirvåg/Kaland sida, som var aktive i motstandsarbeidet under krigen. Denne løysinga har blitt godt tatt imot av alle partar. Dette skal også gjelda etterkomarane etter Johannes Mongstad. Alle kostnadane for dette prosjektet vil bli dekka av Neptun-klubben.

Følgjande vart vi enige om:

- Kyrkjeverja sjekkar ut dei juridiske sidene ved høvet til å flytta minnesmerket til Johannes Mongstad.
- Kyrkjeverja kontaktar etterkomarane etter Johannes Mongstad for å leggja fram planane om flytting av dette minnesmerket.
- På neste møte skal det vera synfaring på Leirvågen (prøv å leiga rom på Leirvåg bedehus).

Framlegg til vedtak:

Verneplan for gravminner i Austrheim sokn vert godkjent.

Vedtak:

Verneplan for gravminner i Austrheim vert godkjent med følgjande merknader:

Det kom følgjande kommentarar til justeringar av planen:

- Vi bør ha nyare og betre bilete av kolerakyrkjegården.
- Få lagt inn eit nytt oversiktskart over Austrheim gravplass med trykte bokstavar.
- Kapittelet om gjenbruk av felt 2 må omskrivast, slik at det kjem tydeleg fram at framtidig plassering av ein namna minnelund ikkje vert plassert på delar av felt 11, som allereie er avsett til nye kistegraver. Vert ein minnelund lagt til delar av felt 11, så vil det kunna medføra at ein likevel må utvida gravplassen fordi kapasiteten med nye kistegraver vert for knapp.
- Verneplanen vert oversendt kommunen.

Bakgrunn:

Arbeidet med verneplan for Austrheim har vore ein lang prosess. Sidan oppstarten i 2018 har arbeidet gått sin gang i rykk og napp. Men no er vi omsider i mål. Det har vore eit veldig fint samarbeid, særskilt med sogelaget, men også med kommunen si kulturavdeling.

Gruppa som starta dette arbeidet bestod av: Liv Ulvøy frå kyst og sogelaget, Kari Utkilen frå kommunen si kulturavdeling, Kjell Dahle frå soknerådet og kyrkjeverje Leif Arne Økland.

Verneplanen kan integrerast i kommunens kulturminneplan. Men først og fremst står den på eigne bein som eit levande dokument på kva for gravminner som skal bli tatt vare på og kva for gravminner som kan slettast.

I denne verneplanen har vi gått inn og sett på historia til kvar og ei grav som har vore til vurdering, enten grava har blitt sletta eller tatt vare på. Her har Liv Ulvøy i sogelaget gjort eit formidabelt arbeid for å leita fram historia til den enkelte. Og ikkje minst har ho lagt ned eit nitidig arbeid med kvalitetssikring og korrektur. Å fortelja historia bak alle gravminnene som har blitt vurdert, vart på mange måtar eit kompromiss i «dragkampen» mellom talet på graver som vert bevart og graver som vert sletta.

For å laga ein plan som kunne vera handterleg måtte vi heva aldersgrensa for gravminner som vart vurdert frå 60 til 75 år.

Planen er sett opp etter ein mal frå den nasjonale gravplassrådgjevaren. Gravminner som vert tatt vare på vert ståande der dei står. Det kan unntaksvise vera aktuelt å flytta nokre gravminner. I den grad det kjem til å skje, så har det samanheng med at det kan oppstå eit behov for å rydda eit areal til gjenbruk.

Gravminner som vert tatt vare på skal ha ein viss standard og teksten skal vera leseleg. Det er ikkje tanken at dei skal fornyast til ein slik grad at dei framstår som nye. Eit gammalt gravminne skal framstå slik at det ser ut som det har ein viss alder. Utydeleg skrift bør fornyast og det bør leggjast til rette for skånsom reingjering. Verneplanen har eit eige kapittel som omtalar slikt vedlikehald. At ein bevarer eit gravminne er ikkje det same som å driva gravstell og beplantning. Det er viktig at det ikkje vert skapt forventningar om dette, som ville ført til unødvendig tidsbruk og kostnader for gravplassmyndigheita.

Bakerst i verneplanen er det lagt ved eit dokument som er ein kontrakt mellom festar og gravplassmyndigheita. Sjølv om gravplassmyndigheita overtek ansvaret for eit gravminne, er det likevel ingen ting i vegen for at det kan lagast ein avtale mellom festar og gravplassmyndighet om deling av ansvaret for vedlikehaldet. Den som overlet ansvaret for eit gravminne som skal bevarast til gravplassmyndigheita, betaler ikkje festeavgift.

MØTEBOK

SOKNERÅDSSAKER

Førehaving av:
Austrheim sokneråd

Møtestad:
Kyrkjelydshuset

Møtedato:
09.03.2023

Tilstades på møtet

Medlemer: Gerd Solheim, Anne Dahle Austrheim, Helge Dyrkolbotn, Edvard Bjerkestrand, Rune Minde.

Varamedlemer: Linda Skålevik Syslak, Anne Karen Wilkensen.

Andre:

Kyrkjeverja: Leif Arne Økland, Hege Ramsland.

Desse hadde meldt forfall: Bjørn Helge Olsen, Inger Synnevåg, Toril Hordvik, Anita Bakke

Desse møtte ikkje: Arne Lerøy, Kine Lerøy

Saker til førehaving:

Soknerådssaker: S- 02/23 – S - 04/23

Til møtet var medlemer skriftleg innkalla.

Underskrift:

Møteboka er ført i samsvar med det som var bestemt i møtet:

S – 03/23 ORIENTERINGAR

- Spørsmål om sommarkonsert frå Rune Alver
Soknerådet er positive til ein sommarkonsert med Rune Alver i august.
Rune M prøver å få til ei samkøyring med arrangørane for Fonneshagane. Mogeleg med støtte frå den kulturelle sparserstokken?
- Oppstart av knøttekor
Knøttekoret er ein umiddelbar suksess. Sist øving møtte det 27 born.
- Open kyrkje til sommaren?
Soknerådet ønskjer å leggja til rette for open kyrkje denne sommaren også, med same opningstider som i fjar. Helge D har ansvaret for framdrifta i denne prosessen. Bodil kan ha korrekturen på informasjonsheftet.
- Ekstra satsing på misjonsprosjektet
På bakgrunn av at vi har blitt kontakta av NMS sentralt, så er det mogeleg å framheva ei auka merksemd til misjonsprosjektet vi har – via våre digitale kanalar. Det er ikkje tid eller kapasitet til å gjera noko meir med dette no, sidan satsinga er avgrensa i tidsrommet 18.mai til jonsok.

S – 04/23 STADFESTA GODKJENNING AV VALLISTA SOKNERÅDSVALET

Vedtak:

Soknerådet stadfester AU sitt vedtak om å godkjenna lista slik den ligg føre og med uendra prioriteringsrekkefølgje etter framlegg frå nominasjonsnemda.

Følgjande liste er dermed godkjent:

1. **Helge Dyrkolbotn**
2. **Anne Dahle Austrheim**
3. **Bjørn Helge Olsen**
4. **Gerd Solheim**
5. **Terje Håland**
6. **Toril Hordvik**
7. **Nils Ove Vassdal**
8. **Hanne Daae**
9. **Hege Ramsland**
10. **Randi Dyrøy**
11. **Linda Brandtun**
12. **Inger Synnevåg**
13. **Linda Syslak**
14. **Inger Anne Austrheim**
15. **Anny Bertelsen**

Bakgrunn:

Ifølgje valreglementet skal godkjent liste til nytt sokneråd offentleggjeraast seinast 2.mai. Sidan møtet i soknerådet er 3.mai, gjorde vi det slik at lista vart sendt ut til medlemmene i samband med innkallinga og bad om ei godkjenning av innhaldet og rekkefølgja. Vi har fått dette stadfesta av fleirtalet av soknerådet sine medlemmer. (ikkje alle har svart). Kandidatlista til val av nytt sokneråd er dermed godkjent. Dette vedtaket i soknerådet vert dermed ei stadfesting av dette. Offentleggjering skjer innan fristen.

Nominasjonsnemda har lagt ned ein stor innsats. Det vart likevel ikkje mogeleg å få på plass meir enn 15 namn. Det er eit minimumstal, all den tid soknerådet i Austrheim består av 10 faste medlemmer og 5 varamedlemmer. Det har heller ikkje late seg gjera å få med medlemmer som er under 30 år.

S – 05/23

GODKJENNING AV SOKNET SINE SATSINGSOMRÅDE

Framlegg til vedtak:

Følgjande satsingsområde, fordelt på 3 ulike delområde, vert godkjent av Austrheim sokneråd på følgjande måte:

Delområde 1: Tiltak barn og unge 0 – 25 år:

- Etablering av knøttekor
- Arrangera treffstader for barn og bestforeldre

Delområde 2: Diakoni:

- Føra vidare og utvikla bygdetreffet
- Temakveldar med kveldsmat

Delområde 3: Song og musikk:

- Arrangera salmekveldar, allsongtreff og gospelkveld.
- Meir samarbeid med kulturskule/songlag/seniorkor og likande.

Tiltaka bør evaluerast. Tiltaka vil kunna danna grunnlag for å formulera og arbeida med soknet sine målsetjingar.

Sagt i møtet: Det vert jobba med målformuleringar i forhold til kvart enkelt delområde i etterkant av dette møtet. AU arbeider inn målformuleringar i vedtaket.

Tiltaka er avhengige av friviljuge for at dei kan realiserast. Staben vil ha liten kapasitet for å drifta desse tiltaka sjølv.

Når det gjeld tiltaket knøttekor til dømes, må ein ha eit langsiktig perspektiv. Det er det same knøttekoret som om nokre år kan bli eit livskraftig ungdomsarbeid.

Vedtak:
Overordna mål:

«Vera ei kyrkje som tek vare på menneske, skaper fellesskap og gjev plass til dei store spørsmåla.»

Følgjande satsingsområde, fordelt på 3 ulike delområde, vert godkjent av Austrheim sokneråd på følgjande måte:

Delområde 1: Tiltak barn og unge 0 – 25 år:

Delmålsetjing: «Fremja tilhøyrslle til kyrkja for barn og unge, og at kyrkja skal vera ein viktig og trygg møteplass. Gjera borna kjent med bibelforteljingane, gje dei ei trygg og varig barnetru.»

- Etablering av knøttekor
- Arranger treffstader for barn og bestforeldre

Delområde 2: Diakoni:

Delmålsetjing: «Vi vil vera ei open og inkluderande kyrkje for folk i alle aldrar.»

- Føra vidare og utvikla bygdetreffet
- Temakveldar med kveldsmat

Delområde 3: Song og musikk:

Delmålsetjing: «Austrheimkyrkja skal vera ein arena for barn, unge og vaksne, og vi skal bruke song og musikk for å fleire til å gå i kyrkja.»

- Arranger salmekveldar, allsongtreff og gospelkveld.
- Meir samarbeid med kulturskule/songlag/seniorkor og likande.

Tiltaka bør evaluerast. Tiltaka vil kunna danna grunnlag for å formulera og arbeida med soknet sine målsetjingar. Dei andre tiltaka som kom fram i denne prosessen må vera med vidare, men då som bakanforliggjande opplysningar som vert trekt fram ved neste evaluering.

Bakgrunn:

Soknerådet og då særskilt AU, har jobba mykje med desse problemstillingane det siste året. For å hjelpe oss med desse prosessane har Silje Andvik Hoaas, som arbeider med kommunikasjon i Alver kommune, bistått oss i dette arbeidet.

Vi har hatt spørjeundersøking ute, der vi har spurt om kva folk i soknet ønskjer skal skje i si lokale kyrkje. Vi har fått ein del svar. Knøttekoret, som nettopp er etablert er eit konkret resultat av denne spørjeundersøkinga.

Soknerådet har også hatt ei konkret arbeidsøkt der vi har jobba både med kva vi vil og kva for konkrete tiltak som vi vil dra i gang for å få slikt til. Det er denne arbeidsøkta som har medført denne oppdelinga som er presentert i denne saka her. Dette var også oppe som sak i førre møte i soknerådet. Vidare har AU på sist møte prøvd å minimera satsingsområda ytterlegare, slik at det som vi no presenterer vert handterbart. Satsingane som er presentert her vil såleis vera mogeleg å gjennomføra ut frå dei ressursane vi rår over.

Vi har fått råd om at det er langt meir konstruktivt å begynna å spørja om konkrete tiltak enn å hamna i ein situasjon der vi går oss vill i meir eller mindre luftige visjonar.

På sist møte i AU kom det likevel fram eit utkast til ei overordna målsetjing og som kan erstatta den vi har – og som berre vert nemnt i samband med kvar årsmelding:

«Vera ei kyrkje som tek vare på menneske, skaper fellesskap og gjev plass til dei store spørsmåla.»

Dette kan vera ei formulering vi kan jobba vidare på. Den vil også på ein betre måte enn den gamle, avsepegla innhaldet i dei prosessane vi har hatt så langt.